



# Meland kommune

## Møtebok for Utval for levekår

**Møtedato:** 08.09.2015  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 16:00 – 21:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Kåre Skibenes	KRF	Utvalsleiar
Elna H Bjørndal	H	Nestleiar
Mabel Johansen	H	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Ørjan Kristiansen	FrP

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Kari Anne Iversen  
Bente B. Kleiva, Eirik B. Utne og Ane Bysheim i sak 40/2015 – 42/2015 og  
50/2015  
Mette M. Træland i sak 46/2015 - 48/2015  
Tove Hagenes i sak 45/2015  
Reidun E. Johannessen, Rolf I. Fyllingsnes og Irene H. Hugaas i sak 43/2015

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
37/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
38/2015	Godkjenning av møtebok
39/2015	Referatsaker
40/2015	Framtidig bruk av Holsnøy Meieri
41/2015	Friluftslivets år 2015 - kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde
42/2015	Serviceerklæring for Meland kulturskule
43/2015	Tilstandsrapport skuleåret 2014-15
44/2015	Godkjenning av revidert tenesteavtale 8 - (svangerskap- og fødselsomsorg) med Helse Bergen
45/2015	Orientering om status for mottak/busetting av flyktningar for 2015
46/2015	Foreldreundersøking i barnehagane
47/2015	Orientering om status på barnehageplanen
48/2015	Presentasjon av Blåklokka barnehage om det prisvinnande ESD prosjektet for Omep.
49/2015	Aktuelle saker
50/2015	Oppgradering av fotballbane på Vestbygd skule

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Rita C. Kvalheim Sætre		15/2198

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
37/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Utval for levekår - 37/2015

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Innkalling, tilleggsinnkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		15/2198

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
38/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Godkjenning av møtebok

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

#### Utval for levekår - 38/2015

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Møtebok vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Rita C. Kvalheim Sætre		15/2198

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
39/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
39/2015.1	Høring - NOU 2015 8 Fremtidens skole - Fornyelse av fag og kompetanser
39/2015.2	Høring - NOU 2015 Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø
39/2015.3	Oppmoding om busetting av flyktningar

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

#### Utval for levekår - 39/2015

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bente Bing Kleiva	FA - C50	15/2324

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
40/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Framtidig bruk av Holsnøy Meieri

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Holsnøy Meieri er eit viktig minne om Frekhaug si nære fortid og bør takast vare på som eit kulturbygg i kommunen. Det finnest pr i dag ikkje organisasjonsnøytrale kulturarenaer i kommunen og med sterk tilflytting til Frekhaug-området er det viktig å etablere møteplassar for ulike aldersgrupper i sentrale strok.

Holsnøy Meieri stod ferdig i 1953, som eit moderne og effektivt fellesmeieri for søre Holsnøy med kort sjøveg til Bergen. Det blei og bygd to stemmer som gav tilgang på kaldt vatn for å halde mjølka kald. Rett sør for hovudbygningen står meierskehuset, og anlegget står fram som det store framsteget det ein gong var.

Seinare har anlegget husa butikk, ungdomsklubb og verkstad, men framleis står det sterkt i eit kulturhistorisk landskapsbilde langs Havnevegen – Frekhaug kai med tilhøyrande miljø – ungdomsskulen – Nordgardsløa – Havnevegen 49 – Sjursethuset.

Drifta av ungdomsklubben i Meieriet blei avvikla i 2008. Klubben si verksemd skulle flyttast til Meland Aktiv, noko som etter kvart viste seg ikkje var mogeleg å få til. Meland har sidan vore utan kommunal ungdomsklubb.

#### Vurdering

Det er i dag ein tilnærma regulær scene i kommunen, på Nordhordland Folkehøgskule. Elles er det fleire lokale som blir brukt til kulturarrangement, som til dømes Nordgardsløa, Meland bibliotek, Galleri Rustica og Sjøslaget. Kommunen har i dag få høve til å vere ein pådrivar for eit godt kultur- og samfunnsliv sidan vi ikkje har ein stad til å drive kulturverksemd som òg kan vere ein møteplass for, av og med innbyggjarane. Utan ein slik stad er òg høva til å få in ekstern finansiering svært avgrensa. Avvikling av kulturarrangement inneber uforholdsmessig store utgifter til leige av scene, lyd og lys i tillegg til at det tek opp mykje tid og personalressursar. Dette gjer at kommunen sjeldan har høve til å avvike arrangement, heller ikkje for unge. Desse ressursane går med til arrangementsmessige detaljar og ikkje til å bidra til at folk, unge som vaksne, kan skape, oppleve og vidareutvikle kulturlivet.

Kulturlivet i Meland er godt og sterkt, men til ein viss grad lite synleg og samla. Det er eit stort behov for ein samlande møteplass for heile kommunen. Eit samfunn utan ein felles plass der folk kan møtast manglar litt av limet som held det saman.

**Ungdomsklubb.** Det er eit stort behov for ein ålmenn møteplass for dei mange unge i kommunen. Ungdomsrådet har sjølv i møte 20.1.2015 peika på at det må kome på plass eit organisasjonsnøytralt tilbod som kan verke samlande for heile ungdommen i kommunen. Ved å ha ein organisasjonsnøytral plass vil ungdom alltid «gå på Meieriet», sjølv om det skulle vere andre enn kommunen som arrangerer det aktuelle tilbodet den dagen. Eit bygg med høg deltaking av ungdom vil vere eit godt kulturbygg. Dei har behov for eit kulturtilbod og ein møteplass der dei kan ha innverknad. Eit godt ope og inkluderande ålment kulturtilbod vil òg gjere mykje for å fange opp dei som kan vere i randsonar av uønska miljø.

Når det gjeld meieriet som bygg er det viktig å bevare dette som eit tidsmerke og som ein del av identitetsbygginga for noverande og kommande generasjonar. Meieriet fortel om tida som var og er eit unikt bygg i Meland kommune.

Folkehelse – kan verke førebyggjande

Miljø – viktig å bevare som ein del av eit unikt miljø for kommunen og lokalområdet. Ved utbetring av bygningsmasse vil og miljøforureinande materiale verta fjerna.

Økonomi – ikkje vurdert i saka

### **Konklusjon**

Meland kommune treng eit kulturbygg som arena og møteplass for noverande og framtidige generasjonar. Meieriet kan vere eit viktig bidrag til dette og saka bør utgreiast vidare.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår gjev tenesteområde kultur i oppdrag å utgreie vidare framtidig bruk av Holsnøy meieri. |

### **Utval for levekår - 40/2015**

#### **ULK - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak i møtet:**

Utval for levekår gjev tenesteområdet kultur oppdrag å utgreie vidare kostnader med å ta vare på Holsnøy meieri med tanke på bruk av huset til ulike kulturføremål.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår gjev tenesteområdet kultur oppdrag å utgreie vidare kostnader med å ta vare på

Holsnøy meieri med tanke på bruk av huset til ulike kulturføremål.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bente Bing Kleiva	FA - C20	15/2336

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
41/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Friluftslivets år 2015 - kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde

### Vedlegg:

Friluftslivets år 2015 - kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde - ny frist!

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Fylkeskommunen har, i høve Friluftslivets år 2015, invitert til ei kåring av fylket sitt mest attraktive friluftsområde. Kvar kommune kan nominere eitt område kvar, ein fagjury plukkar ut ei liste på 3-5 som vert presentert for Kultur- og ressursutvalet som tek den endelege avgjerla og kårar ein vinnar. Fagjuryen ønskjer å få fram nominasjonar av friluftsområde i alle kommunar og såleis er fristen for å sende inn nominasjonar til kåringa av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde **innan 15. oktober**. Vinnaren vert vedteken av KURE, og prisen vert delt ut i fylkestinget i desember.

Retningslinene er forma i tråd med statleg friluftspolitik, Regionalt kulturplan (2015-2025) og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområder;

Lokalisering — i eller utanfor tettstad/by, nærleik til skule, idrettsparkar mm.

- Brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen - kor mange potensielle brukar er det for området som bur i nærleiken og kor attraktivt er det for brukarar frå andre kommunar.
- Grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming) — t.d. skilting, parkering, turløyper, toalett, eldstad, baderampe, kai, fiskepir.
- Tilkomst til friluftsområde — korleis er det tilrettelagt for at brukarar kjem seg til området t.d. ved gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk.
- Høve for aktivitetar i ulike delar av året — på land og i vatn — t.d. utstyrsbank, nærmiljøanlegg som sandvolley, treningsapparat, hinderløyper, gapahuk, tilrettelagt for kajakk/kano.
- Natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar — kva kan ein oppleve av tilleggsverdiar i friluftsområdet og korleis dette vert formidla.

I nominasjonen skal det seiast noko om kva eventuelle prispengar på kr 30.000 skal nyttast for å gjere område endå meir attraktivt. Søknaden skal innehalde bilete, skildring og ei grunngjeving. Skjema er tilgjengeleg på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

## **Vurdering**

Meland kommune har fleire friluftsområde som kan vere med i ei slik kåring. Tenesteområde kultur har gjennom året hatt fleire samarbeid med ulike lag og organisasjonar om mellom anna utbetring av stiar og tilrettelegging av område. Stiprosjekta Flatøy – Håøytoppen og Skintveitmarka er snart avslutta og er allereie teken i bruk. Eldsfjellet er med si unike formasjon og eit viktig friområde og vi har Haltejohansvika/Elvavika/Mjåtveitelva som eit nærområde som mange har dagleg glede av.

Når ein skal velje eit område som kan representere Meland kommune er det viktig å ta punkta som står i innbydinga med i vurderinga. Ikkje alle områda har alle kvalitetane, men det er det unike ved staden ein veljer som vil vere teljande.

Folkehelse – viktig å fremje turområda i kommunen

Miljø – har inga negative konsekvensar

Økonomi – ikkje vurdert i saka

## **Konklusjon**

Meland kommune har fleire område som kunne vore med i ei kåring. Utvalet diskuterer kva for eitt av dei fire framlegga som vil vere det beste.

## **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår har diskutert saka og kome fram til at dei kårer ..... som Meland kommune sin kandidat til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde.

## **Utval for levekår - 41/2015**

### **ULK - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak i møtet:**

Utval for levekår har diskutert saka og kome fram til at dei kårar Flatøy - Håøytoppen som Meland kommune sin kandidat til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår har diskutert saka og kome fram til at dei kårar Flatøy - Håøytoppen som Meland kommune sin kandidat til Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bente Bing Kleiva	FA - A30	15/2314

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
42/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Serviceerklæring for Meland kulturskule

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Dei grundige og detaljerte vedtektene til Meland kulturskule er eit godt og viktig verktøy for kulturskuledrift. Dei tilsette ved kulturskulen ser at det er behov for ei kort og konsis serviceerklæring som fortel om innhald og gjensidige forventningar som supplement til desse og har utforma fire konkrete punkt:

- Meland kulturskule skal gje eit opplæringstilbod prega av kvalitet og variasjon tilpassa den einskilde eleven i dans, musikk, teater og visuell kunst.
- Meland kulturskule sine lærarar skal ha god kommunikasjon med heimane – god informasjonsflyt skal sikre alle tilpassa, planlagt og føreseieleg opplæring og gode opplevingar.
- Meland kulturskule er ein læringsarena der elevane skal komme godt førebudd til undervisninga, uansett disiplin – regelmessig og riktig øving over tid gjev alltid resultat.
- Alle elevar skal få tilbod om å ta del i minst to konsertar/framsyningar/utstillingar kvart skuleår – dette er ein integrert og viktig del av kulturskuleundervisninga.

#### Vurdering

I samband med utarbeiding av ramme- og læreplanar for kulturskulen har dei tilsette ved Meland kulturskule også sett på korleis innhald og forventningar vert formidla. Dei seier i si grunngjeving for tiltaket:

«Diffuse omgrep som «oppleving», «leik» og «eigen skaparkraft» har vore rådande i kulturskuleomtale, og desse er ikkje mindre viktig enn før. Men i tråd med den nye rammeplanen for kulturskulane utarbeidd av Norsk Kulturskoleråd ønskjer me og å nytte meir konkrete ord og vendingar for å skildre kulturskulen og kva kulturskulen driv med».

Punkta som er utarbeida konkretiserer på ein tydeleg måte kva kulturskulen skal levere og kva som vert forventa av elever og foreldre og lærarar.

Ei slik tydeleggjering vil vonaleg betre kommunikasjonen mellom heim og skule.

Folkehelse – ikkje vurdert i denne saka

Miljø – ikkje vurdert i denne saka

Økonomi – ihar ingen økonomiske konsekvensar

### **Konklusjon**

Serviceerklæringa vil vere ein god måte å formidle kva kulturskulen tilbyr og kva forvenningar elever og føresette kan ha til undervisninga. På same måte som skulen signaliserer kva som vert forventa av eleven og dei føresette.

### **Framlegg til vedtak:**

Serviceerklæringa vert teken til etterretning. Meland kulturskule syter føre å gjere denne kjend for elever og føresette.

### **Utval for levekår - 42/2015**

#### **ULK - behandling:**

#### **ULK - vedtak:**

Serviceerklæringa vert teken til etterretning. Meland kulturskule syter føre å gjere denne kjend for elever og føresette.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A20	15/2013

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
43/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015
66/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Tilstandsrapport skuleåret 2014-15

### Vedlegg:

Handlingsplan skule 2015-19

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane» (jf. opplæringslova § 13-10).

#### Vurdering

Tilstandsrapporten er gjort på grunnlag av statistiske fakta om skulane sine ressursar og resultata frå prøver, kartleggingar og undersøkingar. Tilstandsrapporten inneheldt vurdering av desse og forslag til tiltak for forbetring.

#### Konklusjon

Resultat i tilstandsrapporten for skuleåret 2014-15 leggjast fram for drøfting Utval for levekår og Kommunestyret jf. Opplæringslova § 13-10.

#### Framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for skuleåret 2014-15 leggjast fram for drøfting i Utval for levekår og i Kommunestyret jf. Opplæringslova § 13-10.

### Utval for levekår - 43/2015

#### ULK - behandling:

Skrivet "Frafall i videregående skole (B)" vart delt ut.

### **Framlegg til vedtak i møtet:**

Kommunestyret tar tilstandsrapporten for skuleåret 2014 – 2015 til orientering. Det er viktig at handlingsplanen har tydelege mål:

- Nullvisjon om mobbing i skulen
- Vidareføre målsetjingar frå prosjektet Betre læringsmiljø:
  - Klasseleiing
  - Relasjonsbygging
  - Reglar og konsekvensar
  - Læringstrykk
- Betre resultat på nasjonale prøver i lesing – over fylkesnivå etter 2015
- Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og rekning
- Utvikle gode prosessar for samarbeid og kompetanseheving
- Utarbeide strategiplan på realfaga i 2015-2016.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **ULK - vedtak:**

Kommunestyret tar tilstandsrapporten for skuleåret 2014 – 2015 til orientering. Det er viktig at handlingsplanen har tydelege mål:

- Nullvisjon om mobbing i skulen
- Vidareføre målsetjingar frå prosjektet Betre læringsmiljø:
  - Klasseleiing
  - Relasjonsbygging
  - Reglar og konsekvensar
  - Læringstrykk
- Betre resultat på nasjonale prøver i lesing – over fylkesnivå etter 2015
- Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og rekning
- Utvikle gode prosessar for samarbeid og kompetanseheving
- Utarbeide strategiplan på realfaga i 2015-2016.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Tord Moltumyr	FA - G67, TI - &10	15/1729

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
44/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015
67/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

## Godkjenning av revidert tenesteavtale 8 - (svangerskap- og fødselsomsorg) med Helse Bergen

### Vedlegg:

Tenesteavtale 8 - Samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselomsorga rutiner tenestavtale 8

Saksutgreiing SUA - TA 8 med rutiner - 130515

Tenesteavtale 8 til behandling i kommunestyra og styra i føretaket.

### Saksopplysningar:

I samband med samhandlingsreforma har kommunen tidlegare inngått overordna samarbeidsavtale med Helse Bergen, samt fleire tenesteavtalar innan spesifikke område. Kommunestyret har tidlegare vedteke at tenesteavtale 8 skal reviderast.

Ei arbeidsgruppe med representantar for Nordhordlandskommunane og Helse Bergen har i 2014/2015 arbeidd med avtalerevisjon. Saka var oppe til handsaming i Samarbeidsutvalet for Nordhordland 18.05.15, der følgjande vedtak vart fatta:

*Samarbeidsutvalget for Nordhordland tilrår at partene slutter seg til den reviderte avtalen om samhandling innen svangerskaps- fødsel- og barselomsorga. Samarbeidsutvalget vedtar vedlagt rutine for svangerskaps- fødsel- og barselomsorga.*

Avtalen kjem no opp til politisk handsaming i alle Nordhordlandskommunane. Det er ikkje kome signal om at nokre av dei andre kommunane ikkje vil godkjenne avtalen.

### Bakgrunn

### Vurdering

Folkehelse: Positiv verknad.

Miljø: Ikkje relevant.

Økonomi: Krev at kommunen har stillingsressurs med jordmor og helsesøster til å følgje opp med svangerskapskontrollar og heimebesøk etter fødsel. Dette er p.t. inne i driftsbudsjettet for 2015, og

avtalen forplikter såleis at desse ressursane må vidareførast i framtidig budsjett.

**Konklusjon**

Administrasjonen, inkludert kommuneoverlege, tilrår at Meland kommune slutter seg til revidert tenesteavtale 8 slik han ligg føre.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner revidert tenesteavtale 8 slik denne ligg føre.

**Utval for levekår - 44/2015**

**ULK - behandling:**

**ULK - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner revidert tenesteavtale 8 (svangerskap og fødselsomsorg) med Helse Bergen slik denne ligg føre.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam	FA - F30	15/2280

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
45/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Orientering om status for mottak/busetting av flyktningar for 2015

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Viser til kommunestyret den 17.06.15 sak 49/2015. Gjeldande vedtak gjev at Meland kommune skal busette 23 flyktningar per år i perioden 2015-2017.

Per august har kommunen busatt 5 personar. Det er plan for busetting av 13 personar i september. Dei resterande 5 personane skal busettast hausten 2015, men det er per tid uavklart busittuasjon for desse.

NAV v/flyktningetenesta vil gje ei orientering om status og framdriftsplan for 2015 i møte.

### Vurdering

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### Konklusjon

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om framdriftsplan busetting flyktningar for 2015 til orientering.

### Utval for levekår - 45/2015

### ULK - behandling:

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår tek informasjon om framdriftsplan busetting flyktningar for 2015 til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Mette Marei Træland	TI - &32	15/1494

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
46/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Foreldreundersøking i barnehagane

### Vedlegg:

Resultat frå brukarundersøking

Resultat frå brukarundersøking

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I §8. i Barnehageloven står det om kommunen sitt ansvar for barnehagesektoren. «Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagane drives i samsvar med gjeldende regelverk.» (§8, første ledd.) I samarbeid med dei private barnehagane og den kommunale barnehagen vart ein samde om ei felles foreldreundersøking i alle barnehagane, administrert av kommunen. Målet var å gje foreldra ei mogelegheit til å sei si meining om barnehagen dei brukar til sitt barn, i ein undersøking i regi av kommunen. På den måten ville ein få informasjon om sektoren og korleis brukarane var nøgde med tilbodet. Alle barnehagane kunne ut frå undersøkinga få ta del i felles prosjekt der resultatata kunne takast med inn i den einskilde barnehage og verte arbeidd vidare med der.

Kommunen og barnehagane bestemte at dei ville bruke «Bedre kommune» si standarundersøking.

<http://www.bedrekommune.no/bk/hjem/>

Dette er fyste gongen Meland kommune har hatt ein felles elektronisk forldreundersøking for barnehagar. Alle barnehagane har eigne brukerundersøkingar, men det har ikkje vore felles undersøking tidlegare. Erfaringane frå den praktiske organiseringa var ei viktig del av prosjektet.

Undersøkinga er nettbasert elektronisk og anonymisert. Den vert brukt av barnehagar i heile landet, og gjev Meland høve til å sjå sitt resultat saman med andre.

I juni gjekk 565 barn i barnehagane i Meland kommune. Alle foreldre fekk tilsendt e-post om undersøkinga, med link til den elektroniske undersøkinga. Dei som ikkje hadde mail fekk tilsendt brev i posten. Svarprosenten vart på 53% . I denne er det ei feilmargin i høve sysken og e-postadressar.

Dette gjer at den faktiske svarprosenten er høgare. I etterkant har det vore møte med styrarane i barnehagane om resultat og fokus på arbeid vidare. Det er 8 spørsmålskategoriar i undersøkinga. Kvar av desse har fleire spørsmål. Resultatet er lagt ved sakspapira. Meland kommune kjem likt ut med gjennomsnittet i Norge på 5.2 i høve til heilheitsvurderinga. På dei andre kategoriane er det små variablar i høve til resten av landet.

#### Vurdering

Erfaringar med undersøkinga i høve til prosess og resultat er positive. Foreldre har gjeve melding om at dei tykker det er bra at kommunen har felles undersøking for alle barnehagane. Sjølv om svarprosenten på 53% er noko låg vil likevel informasjonen gje verdifull kunnskap for arbeidet vidare. Barnehagane er positive til undersøkinga. For kommunen som barnehagemyndede vil ei undersøking styrke kunnskapen om kva foreldra meiner om barnehagen dei brukar til sine born. Resultata vil verte nytta til kvalitetsarbeid både felles for barnehagesektoren og i den enskilde barnehage. Den kan gje grunnlag for veiledning og risikovurdering i høve til tilsyn. Undersøkinga er nasjonal og kommunen kan sjå eigne resultat opp mot gjennomsnittet i Norge. Dette gjev eit utvida perspektiv på vurderinga og faktisk kunnskap om barnehagesektoren

Folkehelse x

Miljø x

Økonomi x

#### Konklusjon

Ei felles foreldreundersøking er eit godt reiskap for systematisk arbeid med kvalitet i høve til kva føresette meiner om barnehagetilbodet dei nyttar til sine barn. Meland kommune planlegg å innføre foreldreundersøking for barnehagane kvart anna år.

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek sak om foreldreundersøking i barnehagane til vitande.

#### **Utval for levekår - 46/2015**

#### **ULK - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak i møtet:**

Utval for levekår er glad for det positive resultatet på undersøkinga, som viser at barnehagane i Meland arbeider godt.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår er glad for det positive resultatet på undersøkinga, som viser at barnehagane i Meland arbeider godt.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Mette Marei Træland	FA - A10, TI - &30	14/4081

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
47/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Orientering om status på barnehageplanen

### Saksopplysningar:

Bakgrunn

Administrasjonen har ikkje fått ferdig endeleg utkast til barnehageplan, slik at den kan verte lagt fram for ULK for politisk handsaming.

Vurdering

Det vil verte gjeve orientering om status og framdift på planarbeidet i møtet.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om status på arbeid med Barnehageplan 2015 - 2018 til vitande.

### Utval for levekår - 47/2015

#### ULK - behandling:

#### Framlegg til vedtak i møtet:

Utval for levekår tek informasjon om status på arbeid med Barnehageplan 2015 - 2018 til vitande.

Utvalet beklagar at denne ikkje er ferdig og ber administrasjonen om å presentere ein framdriftsplan til neste møte.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår tek informasjon om status på arbeid med Barnehageplan 2015 - 2018 til vitande. Utvalet beklagar at denne ikkje er ferdig og ber administrasjonen om å presentere ein framdriftsplan til neste møte.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Mette Marei Træland	FA - A10	14/501

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

**Presentasjon av Blåklokka barnehage om det prisvinnande ESD prosjektet for Omep.**

## Vedlegg:

Blåklokka barnehage har vunnet OMEP konkurranse om bærekraftig utvikling - presentasjon i Washington DC

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

**Omep er Verdensorganisasjonen for små barns oppvekst og danning. Omep er ei internasjonal, uavhengig organisasjon(NGO) som har rådgjevande status hos UNESCO, og UNICEF og er representert ved Europarådet. Organisasjonen har 70 medlemsland.**

Blåklokka barnehage vant i vår pris for ESD prosjekt. Dette var ei konkurranse som OMEP lyste ut. ESD –Education for Sustainable Development, er eit kartleggingsverktøy der barnehagar kan arbeide med bærekraftig utvikling i vid betydning. Blåklokka barnehage fekk som ein del av prisen dra til World Omep konferansen i Washington 27 juli-2 august for å presentere prosjektet sitt «Stjernekkert».

Norsk Omep si nettside: <http://omep.no/>

Blåklokka Barnehage si nettside: <http://blaklokka.barnehage.no/>

## Vurdering

**Erfaringane frå prosjektet og presentasjonen i Washington vert presentert for Utval for levekår. Bærekraftig utvikling er sentralt i samfunnsdelen i Meland kommune si kommuneplan, og i kvalitetsdelen i barnehageplana som er under arbeid. Difor er det viktig å dela kunnskapen om dette arbeidet.**

Folkehelse x

Miljø x

Økonomi x

## Konklusjon

Arbeidet med å kartleggje korleis barnehagen jobbar med bærekraftig utvikling i barnehagen vil halde fram. Blåklokka barnehage sitt arbeid representerar eit viktig kvalitetsarbeid for

barnehagesektoren.

**Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

**Utval for levekår - 48/2015**

**ULK - behandling:**

Styrar i Blåklokka barnehage, Rigmor Sletten, orienterte.

**Framlegg til vedtak i møtet:**

Utval for levekår takkar for orienteringa og gratulerer Blåklokka barnehage med prisen.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

**ULK - vedtak:**

Utval for levekår takkar for orienteringa og gratulerer Blåklokka barnehage med prisen.



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		15/2198

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
49/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Aktuelle saker

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

#### Utval for levekår - 49/2015

##### **ULK - behandling:**

a) Øyvind Oddekalv (AP) stilte spørsmål kring bemanning på kveld og natt innan pleie og omsorg. Personal- og organisasjonssjef orienterte om status.

##### **Framlegg til vedtak i møtet av Øyvind Oddekalv (AP):**

Utval for levekår er uroa over bemanningssituasjonen innan heimetenesta og på sjukeheimen, natt. Auke av grunnbemanninga må vurderast i samband med budsjettet 2016.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

b) Utval for levekår ber om å få vurdert om banklokalet i kjellaretasjen på Meland rådhus kan vere egna for ungdomsklubb.

c) Utval for levekår ønskjer å få oversendt folkehelseprofilane.

##### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår er uroa over bemanningssituasjonen innan heimetenesta og på sjukeheimen, natt. Auke av grunnbemanninga må vurderast i samband med budsjettet 2016.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bente Bing Kleiva	FA - D11	15/2318

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
50/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

## Oppgradering av fotballbane på Vestbygd skule

### Vedlegg:

Uttale kunstgras

Følgeskriv

Kunstgressbane på Vestbygd Skule

Holmemarka Vel

Nordre Holsnøy Idrettslag IL

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Nordre Holsnøy Idrettslag (NHIL) har sendt ein søknad om å få disponere grusbanen ved Vestbygd skule. Laget ønskjer å oppgradere banen frå grusbane til kunstgrasbane. NHIL vil søkje om støtte til utbetringa frå ulike stiftingar og fond og treng ei godkjenning for disposisjon frå Meland kommune som grunneigar. NHIL har hatt orienteringsmøte med styret i Holmemarka Vel og vellaget har hatt informasjonsmøte med medlemmane. Styret i vellaget har og lova ei støtte til utbygginga på kr.40.000.-. Vestbygd skule har fått ein presentasjon av saka og behandla denne saman med FAU på skulen.

### Vurdering

Tiltaket Nordre Holsnøy Idrettslag (NHIL) skisserer har fått positiv oppslutning i nærmiljøet. Det er eit godt tiltak for bebuarar, elever ved skulen og dei som soknar til Vestbygd skule. Skulen og FAU ser at ei omlegging vil føre til ei anna bruka av området enn i dag. Dei er svært løysingsorienterte slik at endringane ikkje vil føre til problem etter deira syn. Det er viktig at omsyn til skulen sin drift, tryggleik og universell utforming vert ivaretatt på ein god måte. For Meland kommune er det viktig at NHIL tek på seg ansvar for drift og vedlikehald av banen når den er ferdig. På same måte har Vestbygd skule understreka at tiltaket ikkje medfører driftutgifter for skulen. Det bør utformast ein bruksavtale mellom partane i løpet av prosessen for realisering av prosjektet.

Folkehelse: Eit positivt tiltak for elevar og nærmiljø

Miljø: Ingen negative faktorer

Økonomi: Ikkje vurdert i saka

### **Konklusjon**

Nordre Holsnøy Idrettslag bør få løyve til å disponere grusbana ved Vestbygd skule

### **Framlegg til vedtak:**

Nordre Holsnøy Idrettslag får løyve til å disponere grusbana ved Vestbygd skule for ei tidsperiode på tjue år under føresetnad at det utarbeidast ein bruksavtale mellom partane Vestbygd skule, Holmemarka Vel og Meland kommune. Disposisjonsretten kan forlengast ved søknad.

### **Utval for levekår - 50/2015**

#### **ULK - behandling:**

#### **ULK - vedtak:**

Nordre Holsnøy Idrettslag får løyve til å disponere grusbana ved Vestbygd skule for ei tidsperiode på tjue år under føresetnad at det utarbeidast ein bruksavtale mellom partane Vestbygd skule, Holmemarka Vel og Meland kommune. Disposisjonsretten kan forlengast ved søknad.